



## Fylkesmannen i Vestland

Ullensvang kommune  
Opheimsgt. 31  
5750 ODDA

Vår dato:  
03.06.2020

Vår ref:  
2020/5736

Dykkar dato:  
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ove Midtbø, 5764 3176

### Godkjenning av Odda sentrum og Jondal i Ullensvang kommune som typiske turiststader deler av året

Vi viser til søknad 25.03.2020 om at Odda sentrum og Jondal i Ullensvang kommune gjennom forskrift får status som typiske turiststader deler av året. For Odda sentrum er det søkt om status som typisk turiststad i perioden 1. mai til 30. september. For Jondal er det søkt om status som typisk turiststad i perioden 1. mars til 1. oktober.

Saksdokumenta vart sendt på høyring 02.04.2020, med frist for innspel 15.05.2020.

#### Vedtak

**Med heimel i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred § 5 sjette ledd, jf. andre ledd nr. 4, godkjenner vi i forskrift følgjande:**

- Jondal i Ullensvang kommune får status som typisk turiststad i perioden 1.mai til 31. august**
- Odda sentrum i Ullensvang kommune får status som typisk turiststad i perioden 1.mai til 31.august.**

#### Bakgrunn for saka

Etter søknader og interesse fra daglegvarebutikkar og andre næringsdrivande i Jondal og Odda, vart det gjort vedtak i Ullensvang kommunestyre 25.03.2020 i sak 067/20 og sak 068/20, om å søke Fylkesmannen om at begge stadene gjennom forskrift får status som typiske turiststader i sommarsesongen. Søknaden vart sendt frå Ullensvang kommune til Fylkesmannen 25.03.2020.

Søknadane og saksdokumenta vart sendt på høyring 02.04.2020. Grunngjevinga for søknadane kan oppsummerast slik:

- Daglegvarebutikkar kan dokumentere betydeleg høgare omsetnad i sommarmånadane enn elles i året.



- Det vert vist til at turisttrafikken har auka både til Odda sentrum og Jondal i sommarmånadane dei siste åra, og det er lagt ved diverse statistikk på dette. I denne samanheng vert det mellom anna vist til at Trolltunga er blitt ein stor turistattraksjon som trekkjer til seg mange besøkjande. For Jondal sin del vert det vist til at det er særleg stor trafikk i helgar og ferieperiodar på grunn av ferje og Jondalstunnelen, og at det er mange besøkande til Folgefonna som etterspør søndagsope. For Odda sentrum, vert det mellom anna vist til sterk vekst i reiselivet, både gjennom hytteutbygging og utbygging i sentrum.
- Ullensvang kommune er ein turistkommune, og det er allereie fleire stader både i i kommunen og i tilgrensande kommunar som har status som typiske turiststader.

Fylkesmannen har ikkje registrert at det har kome inn høringsfråsegner innan fristen.

### Regelverk

Lov om helligdager og helligdagsfred § 5, jf. § 2, har føresegner om opningstider for sal frå faste utsalsstader. Utsalsstader skal ifølgje § 5 første ledd, jf. § 2 bokstav a, halde stengt på helgedagar. Fylkesmannen kan, etter søknad frå ein kommune, i forskrift bestemme at eit område skal reknaast som typisk turiststad heile eller deler av året, jf. lov om helligdager og helligdagsfred § 5 andre leddnr. 4, jf. § 5 sjette ledd. Berre område der salet i hovudsak skjer til turistar kan reknaast som typiske turiststader.

Ot.prp. nr. 11 (2002 – 2003) gir utfyllande informasjon om kva som kjenneteiknar ein typisk turiststad:

*«Nr. 4 fører vidare unntaket for typiske turiststader frå den gjeldande lova. Med typiske turiststader er i første rekke meint mindre stader der salet i periodar hovudsakleg skjer til turistar. Det er her tenkt på stader der dei faste innbyggjarane er få i forhold til talet på tilreisande/besøkjande i løpet av året, eksempelvis stader som Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør. Ein typisk turiststad treng ikkje omfatte heile kommunen. Ein typisk turiststad er dessutan kjenneteikna ved at dei næringsdrivande ofte er avhengige av turistsesongane, da kundegrunnlaget er for lite til at dei kan overleve av sal til fastbuande. Også utsalsstader i mange byar og på større stader kan oppleve omsetningsauke i turistsesongen, men denne auken kan neppe seiast å vere så vesentleg at han kan danne grunngivinga for å gi løyve til sør- og helgedagsope.*

*Det er vidare eit vilkår at salet i periodar hovudsakleg skjer til turistar, jf. § 5 sjette ledd. Kor lang denne perioden må vere, og kor stor del av omsetninga som må skje til turistar i denne perioden, må avgjerast konkret i kvart enkelt tilfelle. Fylkesmannen kan avgrense unntaket i § 5 andre ledd nr. 4 frå kravet om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar til å gjelde for utprega «sesongstader» i bestemte periodar av året. Med «delar av året» er meint periodar av ei viss lengd; kortare tidsrom på f.eks. eit par veker vil såleis ikkje vere tilstrekkeleg.....»*

I felles brev 03.09.2012 til Fornyings-, administrasjons-, og kyrkjedepartementet frå Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane bad vi om ei generell tilbakemelding på korleis regelverket om godkjenning som typisk turiststad skal praktiserast. I svarbrev frå departementet 21.09.2012 heiter det mellom anna at:

*«Som typisk turiststad kan, etter lova, berre reknaast område der salet i dei aktuelle periodane hovudsakleg skjer til turistar. Vurderinga må basere seg på skjøn. Aktuelle moment i vurderinga vil mellom anna vere om dei fastbuande er få i høve til talet på tilreisande/besøkjande i løpet av året, og om dei næringsdrivande er avhengige av turistsesongen på grunn av lite sal til fastbuande. I tillegg vil det kunne*



vere eit relevant moment om staden har eit "merkenamn" som turiststad, slik som til dømes Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør. Det er opp til Fylkesmannen å gjere ei konkret vurdering i kvart høve....

...Det er Fylkesmannen som etter lova har fått oppgåva med å ta avgjerd i saker om typiske turiststader. Departementet føreset at Fylkesmannen gjer ei konkret vurdering i kvart høve når kommunen sender søknad om å få fastsett i forskrift at eit område skal reknast som typisk turiststad. Departementet finn det ikkje føremålstenleg å fastsetje nærare retningsliner om kva for eit moment i vurderinga til Fylkesmannen som bør ha størst vekt.»

### Fylkesmannen si vurdering

Sjølv om det ligg føre søknad om status som typisk turiststad for to ulike stader innanfor Ullensvang kommune, vurderer vi at det er tenleg å handsame søknaden for begge stader i same sak hos oss.

Lov om helligdager og helligdagsfred skal verne om den alminnelege helgedagsfreden ved å setje grenser for kommersiell aktivitet på søndagar og andre helgedagar. I vurderinga av søknader om status som typisk turiststad må vi vege omsynet til helgedagsfreden og omsynet til arbeidstakarane opp mot andre omsyn som gjer seg gjeldande i saka.

I førearbeida til lova, Ot.prp. nr. 11 (2002-2003), er det vist til at det med «typiske turiststeder» i første rekke er meint mindre stader der salet i periodar hovudsakleg skjer til turistar. Det er her tenkt på stader der dei faste innbyggjarane er få i høve til talet på tilreisande i løpet av året. Vidare er ein typisk turiststad kjenneteikna ved at dei næringsdrivande ofte er avhengige av turistsesongane, fordi kundegrunnlaget er for lite til at dei kan overleve av sal til fastbuande.

Ullensvang kommune viser i grunngjevinga for søknaden til auka turisme i både Jondal og Odda sentrum i sommarmånadane dei siste åra, mellom anna på grunn av Trolltunga, Folgefonna, Jondalstunnelen mm.

Fylkesmannen støttar kommunen i at det er dokumentert ei auke i turisttrafikken til både Jondal og Odda sentrum i sommarmånadane i løpet av dei siste åra. Dette gjeld særleg i juni, juli og august, og delvis i mai. For dei tilgrensande månadane april og september, er ikkje dette like godt dokumentert. Slik saka er opplyst finn vi det godt gjort at begge stadene fyller kriteria om å vere stader med få faste innbyggjarar i høve til talet på tilreisande i perioden mai til og med august.

Når det gjeld omsetnadstala for daglegvarebutikkane, så syner også desse den same tendensen. Det er dokumentert ein stor auke i omsetnaden i mai, juni, juli og august, samanlikna med kva som er tilfelle elles i året for begge stadene. I månadane før og etter denne perioden er det ikkje godt gjort at omsetnaden er vesentleg høgare enn elles i året. Vi vurderer at begge stadene oppfyller omsetnads-kriteriet i månadane mai, juni, juli og august.

Etter ei samla vurdering av opplysningane i saka legg vi til grunn at både Jondal (tidlegare Jondal kommune) og Odda sentrum (frå indre hamn og Almerket, avgrensa til nedre Ragde, Kalvanes, Bygda og Hjøllo), fyller kriteria for status som typiske turiststader i perioden mai til og med august. Vi kan ikkje sjå at desse kriteria er oppfylte i månadane før og etter denne perioden for nokon av dei to stadene.

Vi er derfor kome til at det er grunnlag for å godkjenne at både Jondal og Odda sentrum får status som typiske turiststader i perioden 1. mai til 31. august kvart år.



## Konklusjon

Med heimel i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred § 5 sjette ledd, jf. andre ledd nr. 4, godkjenner vi i forskrift at Jondal (tidlegare Jondal kommune) og Odda sentrum får status som typiske turiststader i perioden 1. mai til 31. august.

Vi fastset slik forskrift:

I

**Jondal i Ullensvang kommune får status som typisk turiststad i perioden 1. mai til 31. august kvart år.**

II

**Odda sentrum i Ullensvang kommune får status som typisk turiststad i perioden 1.mai til 31. august kvart år.**

III

**Verknaden av dette er Jondal og Odda sentrum i Ullensvang kommune er unnateke reglane om opningstider i lov om helligdager og helligdagsfred § 5 første ledd i dei godkjende periodane under punkt I og II over.**

IV

**Forskrifta trer i kraft straks.**

Forskrifta vert sendt til Norsk Lovtidend avd. II for kunngjering.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

Anne Kristin Kayser Eitungjerde  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune  
ARBEIDSTILSYNET

ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD  
HANDEL OG KONTOR I NORGE REGION VEST  
NÆRINGSLIVETS HOVEDORGANISASJON NHO  
VESTLANDET BERGEN  
Vest politidistrikt

Postboks 7900	5020	BERGEN
Postboks 4720		
Torgarden	7468	TRONDHEIM
Kyrkjekontoret	5780	KINSARVIK
Lars Hilles gate 19	5008	BERGEN
Postboks 694 Sentrum	5807	BERGEN
Postboks 85	6901	FLORØ